

**Stjal datautstyr medan eigaren sov**

25.03.2008

**Eit ualminneleg frekt tjuveri fann stad natt til langfredag i sentrum av Uskedalen, opplyser politioverbetjent Sigurd Børve til uskedalen.no. Medan huseigaren sov for ulåst dør gjekk tjuven eller tjuvane inn og forsynte seg med ein pc og noko anna datautstyr.**

Anna vart ikkje fjerna og det er heller ikkje noko som tyder på at noko anna er stole same natta andre stader i Uskedalen.

- Det har no gått så lang tid at vi burde fått melding om det hvis dette var eitt av fleire tjuveri eller innbrot, seier Børve.